

Nordhordlands avis, 13. okt. 1900:

Fedralande

Tone: Ja, vi elsker

Gud i himlen, sign du lande
sign kvart tre og straa
sign du meg, og sign min granne,
sign du vaare smaa!
Sign du strev og ærlegt yrkje
i kvart arbeidsrom!
Send i alle hus og kyrkje
himlens heilagdom!

Norske mand, du som hev kjennsla
som hev elsk og tru
føler du 'kje gloheit brennsla
uti barmen bu
over det at mend og kvinnor
likatil hev gløymt
alle gamle, dyre minnor
som dei skulde gøymt?

Kom ihug kor mange gonger
det hev vore sagt
baa i tale, skrift og songar
oss paa hjarta lagt;
korleis fedrane hev kjempa,
og kva blod det rann
fyr at det vart soleis lempa,
at vaar rett me vann

No det gjeller um aa vara
fridomen saa dyr
Det, som sannheit inkje klara
me som elden skyr
Rett og sanning vil me fremja.
Lat dei alltid raa!
Det, som seg med det kann semja
vil me halda taa!

Hugsa du, kva sogar seier
kor dei hava stridt?
Um det versta sogar teier,
naar det gjekk forsidt
Folkje ned som gras dei meia
rundt om sund og vaag
og med elden snaut dei feia
landet øyde laag

Hytta di, ja den kan vera
bygd i høge gjel,
nok du der vil faa aa gjera
um du berre vil
Heimen hev so mangt eit yrkje
til aa bera fram.
Berre du hev mot og styrkje
uti barm og ham

Naar me syngja: Gud skal signa
federaland et vaart,
lata skina sol og rigna.
Allt skal veksa stort.
Naar me takka Gud og lova
han for ro og fredagfor kvar einast dyra gaava,
som han sender ned

Daa me skulle audmjuk vera
bøya os for han,
gjeva han den retta æra
fraa kvar einast mand.
Han er den som skulle stia
stella folk og land.
Me er dei som skulle bia,
til det høver han.

I oktober 1900
Ivar I Kaardal